



## Årsmelding Sunnfjord kulturråd 2022

### Medlemmar og generell informasjon

Sunnfjord kulturråd er ein ung organisasjon og har per i dag 39 medlemmar, med alt frå KFUK-KFUM til dansepedagogar, korps og einskildpersonar innan kunst og musikk. Medlemmane er fordelt på følgende måte:

- Organisasjonar: 27
- Einskildpersonar: 12

Styret er set pris på mangfaldet i medlemsmassen. Sidan forrige årsmøte har vi fått to nye medlemmer. Vi meiner framleis det kan gjerast eit arbeid for å invitere endå fleire inn i kulturrådet.

### Styret sitt arbeid i perioden

Styret har sidan sidan årsmøtet, 19. mai 2022, gjennomført:

- 5 styremøter
- 2 møter med Sunnfjord kommune
- Arrangert Frivilligkonferansen
- Delteke på eitt høyringsmøte
- Jobba vidare med skuleprosjektet v/ Leon Årdal og Kirsten Johanne Friis
- 1 møte med Bergen Amatørkulturråd, Askøy kulturråd og andre kulturråd i vår region
- Styreleiar deltok også på inspirasjonstur til Bodø

## **1. Samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune:**

I følge vedtekene skal SKR vere eit interesse-, samordnings- og samhandlingsorgan for kulturlivet i heile Sunnfjord kommune. Herunder:

- Synleggjere behov kulturlivet har for lokale, utstyr og generelle rammevilkår
- Vere Sunnfjord kommune sitt fagråd for kulturlivet, som skal bidra til at politisk og administrativt nivå har oppdatert kulturinformasjon
- Vere høyrings-/uttaleinstans i politiske saker som gjeld kulturlivet

Avtalen med Sunnfjord kommune v/ kommunedirektør og leiar i Sunnfjord kulturråd står ved lag. Sunnfjord kulturråd er løyvd driftstilskot for 2022.

Ved forrige årsmøte vart det løfta fram at vi hadde forbedringspotensiale i å etablere ein god dialog og møte det politiske miljøet i kommunen, herunder fagutval, formannskap, leiing og folkevalde for øvrig. Dette har vore betre siste året, men SKR har framleis eit større potensiale i å vere synleg for politikarar og ålementa.

## **2. Førdehuset som Kulturhus**

Dette er ei sak vi har jobba mykje med sidan oppstart. Etter eit kommunestyremøte i juni vart to ulike budsjettpostar knytt til Førdehuset, eine til symjehallen og eine til fornying av Førdehuset, slått saman – i hovudsak for å prøve å finansiere prosjektet knytt til symjehallen. Vi har lagt fram krav om at vidareutvikling av Førdehuset som kulturhus må tilbake i budsjettet og økonomiplanen, både under høyringsmøte og direkte til utval for samfunn, kultur og næring.

## **3. Rekrutteringsarbeid og synleggjering av kulturmangfaldet i Sunnfjord kommune**

2022 er frivilligheita sitt år. SKR har i samband med dette gjort følgjande arbeid:

### **Frivilligkonferansen, september 2022.**

Som ein del av rekrutteringsarbeidet arrangerte SKR Frivilligkonferansen for frivillige lag og organisasjonar. Det vart løyvd midlar av kommunen og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

### **Vår dag – folkemusikken og -dansens dag 16. juni**

Eit samarbeid mellom spelemannslaga i Sunnfjord, Sunnfjord kulturskule og Førdefestivalen. Dette resulterte i ein skuleturné med Ole Nilssen og Ingrid Schei Stuhaug, som vert gjennomført 9. – 10. juni ved skulane i Vassenden, Viksdalen, Flatene og Naustdal. Dette var ei oppbygging til fellesmarkering av «Vår dag» 16. juni ved Elvetorget.

Leon Årdal og Kirstein Johanne Friis har følgd opp prosjektet utover hausten 2022, med fleire skulebesøk, samling på «Bornas verdsdagar». Prosjektet fekk støtta av

Tøft-midlar frå Sogn og Fjordane Folkemusikklag og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

#### **4. Etablering av Vestland kulturråd**

Gjennom møter med Bergen Amatørkulturråd og Askøy kulturråd er vi involverte i eit forprosjekt om å skipe eit kulturråd på regionalt nivå – Vestland kulturråd. Styret stiller seg positive til dette arbeidet og vil framleis følge dette opp. Sunnfjord kulturråd v/ Svein Inge Bjørkedal deltok digitalt på møte på Voss, for å presentere Sunnfjord kulturråd og diskutere korleis eit ev. regionalt råd bør vere organisert.

#### **5. Administrativ ressurs**

Styret prøvde i september 2022 å søkje midlar til ei administrativ stilling i 20%. Dette skulle sikre betre oppfølging av medlemmene og bli meir synlege i media. Dessverre fekk vi ikkje tilslag på søknadar for å finansiere dette, og arbeidet er enn så lenge på vent.

#### **6. Samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane**

Styret har vedteke å starte ein prøveperiode for samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dette gjeld informasjon om inkluderingsmidlar (nytt prosjekt) og ev. innspel på søknadar til Sparebankstiftinga. Enn så lenge er avtalen munnleg. Det nye styret bør konkretisere avtalen.